

## **Kartlegging marine og maritime næringer – formidling gjennom dynamiske kart på internett**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

Vestlandsrådet løyver kr 60.000 til kartløysing for å formidle materiale frå kartlegginga “Den maritime næringa på Vestlandet”.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

## Saksframstilling

Saka referer seg til tidlegare saker i Vestlandsrådet om kartlegging av den maritime næringa på Vestlandet. Her er det tidlegare sett av midlar både til kartlegging og til oppdatering i forhold til siste tilgjengelege talmateriale, som er 2009.

I møte i Molde 22 oktober 2010 vart det i sak 19/10 gjort framlegg om å gjere talmateriale tilgjengeleg via dynamiske kart på internett. T.d. vil formidling av verdiskaping på kommune og regionnivå på ein langt meir informativ måte kunne bli gjort nettopp gjennom bruk av dynamiske kart. Dette vil være ei løysing som gjer det mogleg å beskrive lokalisering og tyngda av dei ulike næringsgruppene i kartet ved hjelp av symbol. Alle nøkkeltala vil kunne visualiserast på denne måten og brukaren vil kunne beskrive heile Vestlandet eller zoome inn på mindre regionar.

Opphavleg var det tenkt å nytte eksisterande program som t.d. [www.fylkestalas.no](http://www.fylkestalas.no), men dette viste seg å vere vanskeleg å få til.

“ideas2evidence”, som har utarbeidd rapporten vår, har gitt eit tilbod på kr 50.000 + mva der ei løysing gjennom bruk av google maps synest å vere ideelt. Løysinga vil pluggast inn i den eksisterande Flash-applikasjonen som syner ei meir detaljert presentasjon inkludert kommunar og mindre regionar. Det er viktig at ein òg forsøker å integrere denne løysinga i eksisterande karttenester som fylkeskommunane drifrar og har ansvar for.

